



**Valle kulturskule**

## Våre tilbud:

- ♫ Song
- ♫ Piano
- ♫ Klassisk gitar, el-gitar, bassgitar, ukulele
- ♫ Trommer/slagverk, djembe
- ♫ Fiolin
- ♫ Breiddetilbud nybyrjarar - eleven blir kjent med og får prøve ut fleire instrument
- ♫ Dans

Kva for tilbod vi kan gi kjem an på etter-spurnad og tilgjengelege lærarressursar. Vi oppmodar derfor alle om også å fylle ut 2.val i søknadsskjemaet.

Ordinær elevplass i Valle kulturskule er vanlegvis for elevar i 1.klasse og oppover. Elevar i 1.-4.klasse får undervising i SFO-tid.

Dersom fleire nybyrjarar søker på same instrument kan det vere aktuelt å organisere undervisinga i små grupper.

Dersom kapasitet tek vi inn elevar frå vidaregåande skule og vaksne.

Merk: Dersom eleven skal halde fram med same tilbod som inneverande år, loggar føresette inn i SpeedAdmin og re-registrerer eleven. Dersom eleven skal slutte må også dette registrerast i Speed-Admin.

I tillegg har vi sjølvsagt spennande tilbod innaføre UNESCO-arva vår, folkemusikk og folkedans:

- ♫ Hardingfele
- ♫ Kveding
- ♫ Munnharpe
- ♫ Leikarring / dansering

Søknadsskjema på  
[www.valle.kommune.no](http://www.valle.kommune.no)  
frist 15.mai

Spørsmål? Kontakt leiar kultur og fritid,  
[torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no](mailto:torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no), tlf. 970 61 587.

## Litt meir om kulturskulen i Valle kommune:

- Kulturskulen er ein viktig ressurs og eit kompetansesenter i lokalsamfunnet. Vi arrangerer eigne konsertar, UKM (Ung Kultur Møtast), deltek på ulike små og store arrangement og tek på oss oppdrag etter førespurnad. Vi har også ulike typar gruppetilbod i til dømes barnehage, SFO og på bygdeheimen.
- Fast undervisingsstad: Spelestoga
- To elevar kan få undervising samtidig, dersom vi meiner at dette vil vere eit godt tilbod for elevane det gjeld. Særleg ein del nybyrjaropplæring vil kunne bli gitt i par eller grupper.
- Noko tid blir sett av til samspel og prosjekt, og i periodar vil derfor undervisinga kunne bli periodesert og timeplanen endra.
- Det er pliktig oppmøte. Kontinuitet er nødvendig for å få god kontakt mellom elev og lærar, og god fagleg utvikling.
- Det er 50 % søskenrabatt. Dette gjeld ikkje for gruppetilbod. Dersom eleven ønskjer meir enn eitt instrument, er det berre avgift for eitt tilbod.
- Undervising i kulturskulen er eit **opplæringstilbod**, først og fremst retta mot barn og unge. Vi er avhengige av at foreldre og lokalsamfunnet støttar opp om aktivitetane våre.
- Kulturskulen er også ein arbeidsplass, og lærarane førebur kvar time kvar veke gjennom heile skuleåret. Føresette skal varsle lærar ved elevfråvær.

*Kulturskulen er eit kommunalt tenestetilbod i Valle kommune. Lærarane er opp-tekne av at opplæringa skal vere tilpassa den enkelte elev, gi speleglede og skape trivsel.*

*Kulturskulen samarbeider gjerne med til dømes fritidsklubb, helsestasjon, barnehage, skule, bygdeheimen og andre om kurs og aktivitetar. Vi har eit fast samarbeid med Bykle om UKM - Ung Kultur Møtast - som vi arrangerer kvart år.*

### Mål:

1. Elevane skal oppleve meistring, utvikling og å bli sett, i møte med den enkelte lærar, medelevar og gjennom dei arrangement og aktivitetar kulturskulen står for.
2. Opplæringa skal vere best mogeleg tilpassa den enkelte, samtidig som vi legg vekt på samspel, gruppedynamikk og fellesskap.
3. Alle som søker skal få plass.
4. Kulturskulen skal vere eit lokalt kompetanse- og ressurscenter.
5. Kulturskulen skal vere ein utviklingsorientert og attraktiv arbeidsplass.

**Hjarteleg velkomen til Valle kulturskule!**